



VEDTEKTER FOR DEI KOMMUNALE BARNEHAGANE I MIDT-TELEMARK KOMMUNE

1. Eigar og driftsforhold

Midt-Telemark kommune eig og driv:

- Gullbring barnehage
- Bøhamna barnehage
- Folkestad barnehage

Dei kommunale barnehagane vert drivne i samsvar med Lov om barnehagar med forskrifter, rammeplan for barnehagen, og kommunale vedtak. Barnehagane skal ha samarbeidsorgan i samsvar med Lov om barnehagar.

2. Føremål

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ta vare på barnas behov for omsorg og leik, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgiving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn som er forankra i menneskerettighetane.

Barna skal få utfalde skaparglede, undring og utforskartrang. Dei skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggande kunnskapar og ferdighetar. Dei skal ha rett til medverknad tilpassa alder og føresetnader.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens eigenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i leik og læring, og vera eit utfordrande og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering (Lov om barnehager §1).

3. Styringsverket i barnehagane

3.1 Foreldreutval

Barnehagen skal ha eit foreldreutval der foreldra til alle barna i barnehagen er medlemmer. Frå kvar avdeling i barnehagen blir det vald ein representant med vara. Desse dannar foreldras arbeidsutval FAU. FAU vel ein representant kvar, med vararepresentant til samarbeidsutvalet. Valet gjeld for eit år av gangen. FAU skal fremje fellesinteressene til foreldra og medverke til eit godt samarbeid mellombarnehagen og foreldregruppa.

3.2 Samarbeidsutval

Kvar enkelt barnehage har eit eige samarbeidsutval. Samarbeidsutvalet består av foreldre/føresette og tilsette i barnehagen slik at kvar gruppe er likt representert, 2 representantar for foreldre/føresette, og 2 representantar for tilsette. Barnehagens eigar kan delta etter eget ynskje,



men ikkje med fleire representantar enn kvar av dei andre gruppene. Samarbeidsutvalet konstituerer seg sjølv. Alle skal ha personlege vararepresentantar. Samarbeidsutvalet skal vere eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ for føresette og tilsette i barnehagane. Barnehageeigar skal sikre at viktige saker ligg føre for foreldreutvalet og samarbeidsutvalet. Samarbeidsutvalet skal ha minst eit møte pr. år.

4. Barnehagetilbodet.

Midt-Telemark kommune gjev fylgjande barnehagetilbod:

Gullbring: 5 dagar, 4 dagar og 3 dagar.

Bøhamna barnehage: 5 dagar, 4 dagar og 3 dagar.

Folkestad barnehage: 5 dagar, 4 dagar og 3 dagar.

5. Opningstid

Barnehagane er opne alle virkedagar frå kl. 07.15 til 16.45. Opphaldstida for barna er inntil 9,5 timer pr. dag, eller maksimalt 47,5 timer pr. uke. Ved studentrelaterte behov kan utvidet opningstid tilbys etter avtale i Bøhamna barnehage.

5.1 Planleggingsdagar

Barnehagane held stengt 5 planleggingsdagar i året.

5.2 Ferie og fridagar

Barnehagane held stengt heilagdagar, offentlege fridagar, julaftan, nyttårsaftan, onsdag før skjærtorsdag, og veke 29-30-31.

Barn i barnehage skal ta ut så mange dagar som ferielova føreset. Tre av vekene skal vere samanhengande om sommaren. Barnehagane er stengt 3 veker om sommaren; veke 29-30-31.

Barnehagen sine planleggingsdagar skal ikkje regnast inn i ferievekene til barnet.

6. Opptak

6.1 Opptaksnemnda

Einingsleiarane i kommunen og styrarane i dei private barnehagane innstiller i samarbeid til hovudopptaket. Det er dei som er opptaksnemnda.

Ved opptak vil kvar einskild søknad få ei så god vurdering som mogleg, basert på dei kriteria som er nemnde nedanfor i prioritert rekkefølge. Opptaksnemnda skal og vurdere barnegruppas samansetjing ved opptak. Dette kan i visse høve endre opptaket.

6.2 Opptaksperiode



Søknadsfrist er 1.mars. Søknad på elektronisk skjema (sjå heimeside). Nytt barnehageår startar den veka skulane startar med planleggingsdagar. Dato vil variera frå år til år, og kjem tydeleg fram i skuleruta. Tilbodet om barnehageplass gjeld fram til skulestart, eller til oppseiing av plass ligg føre.

6.3 Opptakskrets

Det kan søkjast om plass for alle barn som er busette i Midt-Telemark kommune.

6.4 Opptakskriterier

Rett til plass gjeld søkarar som:

- Har søkt innan fristen (1.mars).
- Er busett i Midt-Telemark kommune.
- Følgjer nasjonale retningslinjer for kva for aldersgruppe som har rett til plass.

6.5 Generelle prioriteringar

Søkarene sine ønsker og behov skal tilleggas stor vekt ved sjølve opptaket, jf. barnehagelovens § 17 første ledd. Dersom det ikkje er ledige plasser i de søkte barnehagane, kan kommunen tilby plass i en annen barnehage.

6.6 Andre prioriteringar

- A. Barn med funksjonshemmingar og barn det er fatta vedtak for etter barnevernslova §§5-1 første ledd bokstav a til d, § 3-1 og § 3-4 første ledd bokstav b skal prioriterast i høve til barnehagelova §18. Det skal ligge føre ei sakkunnig vurdering av barnets funksjonsvanskar.
- B. Barn av studenter som betaler semesteravgift til SSN eller annen studentsamskipnad i Norge, heltidsstudenter prioriteres før deltidsstudenter (dette punktet gjeld berre for Bøhamna barnehage)
- C. Utviding av tilbod for dei som allereie har plass i barnehagen
- D. Sysken av barn som allereie har plass
- E. Barn av innvandrarar som deltar i introduksjonsprogrammet.
- F. Det leggst vekt på å ha best mogleg samansett barnegruppe
- G. Barn av familiar som har store belastningar grunna sjukdom eller nedsett funksjonsevne hos føresette eller sysken. Dokumentasjon frå spesialisthelseteneta som er relevante må ligge føre, for å bekrefte at foresatte eller søsken har alvorlige og varig sjukdom, eller nedsatt funksjonsevne.

Ut over dette får det eldste barnet plass.

Barn med rett til barnehageplass som ikkje får sitt val av barnehage oppfylt, har rett til å bli satt på venteliste. Opptak til ledige plassar i løpet av året blir gjort av einingsleiarane i kommunen, og styrarane i dei private barnehagane.



7. Klagerett

Det er høve til å klage på vedtaket i opptaknemnda etter reglane for enkeltvedtak. Klagenemnda er klageinstans, og klagefristen er tre veker (Forvaltningslova § 29).

8. Oppseiing av barnehageplass

Føresette kan seia opp plassen med oppseiingsfrist på 1 md, med oppseiing den 1. kvar månad. Plassen skal betalast ut oppseiingstida. Oppseiinga skal vere skriftleg. Barn som er busett i Midt - Telemark kommune, og som er tildela plass i ein kommunal barnehage, beheld plassen til siste dag av barnehageåret det året dei byrjar på skulen dersom den ikkje blir sagt opp skriftleg før dette.

9. Personalet i barnehagen

Bemanninga i barnehagen skal til ei kvar tid tilfredsstillende krava i barnehagelova og føresegnene.

10. Foreldrebetaling

Midt-Telemark kommune fastset foreldrebetalinga. Satsane for foreldrebetalinga blir rekna ut etter maksimalgrense for foreldrebetaling satt av Stortinget i sitt årlege budsjettvedtak. Kommunen krev inn foreldrebetaling kvar månad i 11 månader. Betalingsfritak i juli. Det er ikkje fråtrekk i foreldrebetaling for feriar, planleggingsdagar og liknande. Det er 30 % syskenmoderasjon for barn nr.2 og 100 % for barn nr.3. Søskenmoderasjon innviast automatisk.

Ved manglande betaling etter 4 purringar (2 frå økonomiavdelinga og 2 frå barnehagen), kan ein bli utestengt frå barnehagen inntil uteståande beløp er innbetalt. I verste fall kan manglande betaling føra til oppseiing av barnehageplassen.

Dersom eit barn har eit samanhengande sjukdomsforløp, ut over ein månad, kan foreldra søkje fritak frå foreldrebetaling til barnehagens styrar. Legeattest må følge søknaden.

11. Redusert foreldrebetaling

Midt-Telemark kommune gjer redusert foreldrebetaling for hushald med lav inntekt, og gratis kjernetid i samsvar med dei gjeldande sentrale føresegn om foreldrebetaling i barnehagane (FOR 2005-12-16 nr. 64). Førsette må sjølv søke om redusert foreldrebetaling om gratis kjernetid. Søknadsskjema finnes på heimesida til Midt-Telemark kommune. Førsette med låg betalingsevne kan og søke NAV om betalingsfritak.



12. Godkjenning

Kommunen godkjenner barnehagar. Kommunestyret har delegert godkjenningsmynde til Utval for oppvekst og kultur. Godkjenninga skal omfatte bygningar, uteområde, arealutnytting, vedtekter, internkontrollsystem og andre element som er viktige for at barnehagen er lovleg og forsvarleg.

Midt - Telemark kommune har fastsett ei norm på areal pr. barn i leike og opphaldsareal. Norma er 4,0 m2 for barn over 3 år, og 5,5 m2 for barn under 3 år. Dette er det same som retteleiande nasjonal norm.

13. Dispensasjon

Kommunestyret kan gi dispensasjon frå vedtektene. Utvalet for oppvekst og kultur har fullmakt til å gi dispensasjon i prinsipielle saker, medan Eining barnehage har fullmakt til å gi dispensasjon i kurante saker elles.

14. Tilsyn

Kommunen fører tilsyn med barnehagane, med heimel i barnehagelova § 10. Kommunen kan gje pålegg om retting av uforsvarleg eller ulovlege forhold ved godkjente eller godkjenningspliktige verksemder.

15. Gebyr ved for sein henting

Ved for sein henting mindre enn 15 min. etter stengetid må dei føresette betale eit gebyr på kr 150,- etter 3. gong. Ved for sein henting meir enn 15 min etter stengetid må dei føresette betale eit gebyr på kr 150,- kvar gong. Etter 3 gebyr får dei varsel om at dei kan miste plassen.

16. Internkontroll

Den einskilde barnehagen pliktar å ha eit internkontrollsystem i samsvar med nasjonal forskrift og kommunale reglar. Systemet må inkludere kontroll av leikeapparat.

17. Vedtektsendringar

Endring av vedtekter skal leggjast fram for samarbeidsutval til uttale før Utvalet for oppvekst og kultur gjer vedtak.

Sist revidert februar 2024